



Sigurd Veland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/4182 - 16/16256

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:

14.06.2016

## Svar på Innspel til trafikksikringsplan 2016 - vegsikring Ostereidet - Nesbø

Viser til telefonsamtale med Rune Kilen kor det vart lova eit svar på dette innspelet.

Når ein ber om innspel til oppdatering av ein plan som «kommunedelplan for trafikksikring», ber ein om at innbyggjarane, som ferdast på vegane i kommunen, skal få komme med lokalkunnskap som ikkje vegforvaltninga har. Kvart einskild innspel vert handsama og vurdert av ei prosjektgruppe med trafikkfagleg bakgrunn. Om innspelet kjem med i planen eller ikkje er det denne gruppa i fellesskap som vurderer. Det må fleire rundar til for å komme fram til det endelege resultatet. Dette arbeidet går føre seg no i 2016.

Det er ikkje høve til å svare på alle innspela som kjem inn og godkjend plan vil gi svar på kva innspel som har kome med eller ikkje. Lindås kommune prøver så langt det let seg gjere å gjennomføre dei tiltaka i planen som ligg langs kommunal veg. Dei tiltaka i planen som gjeld fylkes- og riksvegar, er eit forslag til kva tiltak Lindås kommune ynskjer at Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen bør vurdere å utbetre.

Når det gjeld innspelet om vegsikring Ostereidet – Nesbø, vert dette innspelet handsama på lik linje med alle dei andre innspela som har kome inn til «kommunedelplan for trafikksikring» i Lindås kommune. Strekninga Ostereidet - Nesbø er fylkesveg og Hordaland fylkeskommune er vegeigar medan Statens vegvesen er vegforvaltar.

Om innspelet ditt kjem med i planen, er det likevel opp til vegeigar og vegforvaltar om dei vil prioriterer å utbetre strekninga med dei midlane dei rår over.

Lindås kommune har inga råderett over denne vegen og kan ikkje krevje utbetring på fylkesvegnettet.

Med helsing

Rune Kilen  
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



**Kopi til:**  
**Mottakarar:**  
Sigurd Veland